

Tenesteavtale 12

Mellom Kvinnherad kommune og Helse Fonna HF

om bruk av følgje ved opphald i sjukehus (Følgjeavtalen)

Innhold

om bruk av følge ved opphald i sjukehus (Følgeavtalen)	1
1 Partar	3
2 Bakgrunn og omfang av avtalen	3
3 Formål	3
4 Relevant lovverk	3
5 Vurdering av behov for følge.....	4
6 Følge i samband med opphald i sjukehus	5
6.1 Helseføretaket sitt ansvar.....	5
6.2 Kommunen sitt ansvar	6
6.3 Følge si rolle og oppgaver	6
6.4 Betaling/oppgjør	6
7 Brukarmedverknad.....	7
8 Handtering av avvik, evaluering, kvalitetsutvikling, usemje, tvist, misleghald, iverksetjing, revisjon og oppseiing	7
9 Signering	7

1 Partar

Denne avtalen er inngått mellom Kvinnherad kommune og Helse Fonna HF, heretter helseføretaket.

2 Bakgrunn og omfang av avtalen

Tenesteavtalen er inngått i samsvar med overordna samarbeidsavtale pkt. 5, tredje avsnitt. I tilfelle konflikt mellom denne avtalen og overordna samarbeidsavtale, skal sistnemnde gjelde.

Denne avtalen omfattar følgje ved opphald i sjukehus. Følgje ved reise til og frå sjukehusopphald vert regulert av sjuketransportforskrifta.

Denne avtalen omfattar ikkje følgjetenester for gravide i den utstrekning dette er regulert i særavtalar til tenesteavtale nr. 8 (Avtale om svangerskaps-, fødsels-, og barselomsorgsteneste for gravide og fødande).

Følgje for barn på sjukehus blir hovudsakleg regulert av forskrift om barns opphald i helseinstitusjon (FOR-2000-12-01-1217). Behov for følgje utover pårørande må organiserast på same måten som for vaksne i samsvar med denne avtalen.

3 Formål

Formålet med denne avtalen er å sikre betre pasientbehandling og pasientforløp. Tenester som følgjer av denne tenesteavtalen skal sikre og styrkje brukarane sine interesser. Avtalen skal klargjere kommunen og helseføretaket sitt ansvar og plikter knytte til det behovet pasienten har for følgje ved opphald i sjukehus. I denne avtalen forpliktar partane seg til å samarbeide om å etablere ei god følgjeteneste.

4 Relevant lovverk

Dei mest relevante lovene denne avtalen baserer seg på er:

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m., LOV-2011-06-24-30 (hotl)
- Lov om spesialisthelsetenesta m.m., LOV-1999-07-02-61 (speshtl)

- Lov om pasient- og brukarrettar, LOV-1999-07-02-63 (pasrhl)
- Lov om helsepersonell m.v., LOV-1999-07-02-64 (hpl)

Denne avtalen fyller ut og presiserer vedtak i sjuketransportforskrifta (FOR 2008-07-04 nr. 788: Forskrift om rett til dekning av utgifter ved pasientreiser for undersøking eller behandling.

Brev frå sosial- og helsedirektoratet av 9. juli 2007, som regulerer kostnader i samband med sjukehusopphald.

<http://www.helsetilsynet.no/no/Regelverk/Tolkningsuttalelser/Helse-omsorgstjenester/Ansvar- kostnader-kommunalt-ansatte-forbindelse-sykehusopphold/>

Brev frå HOD av 10. juni 2011 om ansvar for å organisere følgjeteneste for pasientar.

<http://www.ks.no/tema/helse-og-omsorg/Helse/Helseforetakene-har-ansvar-for-a-organisere- ledsagertjenesten-for-pasienter/>

5 Vurdering av behov for følgje

Helseføretaket skal avgjera pasienten sitt behov for følgje under opphald i sjukehus. Ved planlagde innleggingar skal helseføretaket ta kontakt med pasienten/ den som representerer pasienten og kommunen for å avklara behovet for bistand frå kommunalt personell/ følgje under opphaldet i forkant av opphaldet.

Det er og mogeleg at pasienten sjølv eller den som representerer pasienten i kommunen tar kontakt med aktuell eining i spesialisthelsetenesta i forkant av eit planlagd opphald for å drøfte/avklare behov for bistand frå kommunalt personell/følgje under opphaldet.

Dersom pasienten har individuell plan, skal kommunen senda denne til helseføretaket i forkant av innlegging.

Rett til dekning av utgifter for den som følgjer, skal vere grunngeve i helsemessige, medisinske eller behandlingmessige behov. Behovet skal vurderast i kvart enkelt tilfelle. I denne vurderinga vil blant anna følgjande forhold bli vektlagde:

- Pasienten si evne til å forflytte seg
- Pasienten si evne til å orientere seg
- Pasienten si evne til å kommunisere (forstå og/eller gjere seg forstått)
- Vurdering av kor sannsynleg det er at det vil oppstå behov for hjelp under opphaldet
- Generell vurdering av kor belastande innlegginga vil vere i forhold til pasienten sin

generelle og spesielle tilstand

Vurderinga skal gjerast i samråd med pasienten, kommunen og eventuelt dei pårørande.

Vurderinga skal alltid ha pasienten sitt beste og pasienten sine interesser i fokus.

Dersom pasienten har individuell plan som har vore utarbeida i samarbeid med spesialisthelsetenesta og det i planen er konkludert med behov for følgje ved opphald i spesialisthelsetenesta, skal denne vurderinga leggjast til grunn.

6 Følgje i samband med opphald i sjukehus

6.1 Helseføretaket sitt ansvar

Hovudregel er at ved opphald i sjukehus vil sjukehuset dekkje alle pasientane sine behov i samband med opphaldet. Det gjeld både omsorg, bistand, mat, medisinar m.m. Behandlande lege ved helseføretaket avgjer om pasienten har behov for følgje under opphald. I slike tilfelle kan sjukehuset be kommunen om å hjelpe til med å finne følgje.

Før ein avgjer om pasienten skal ha følgje under opphald, skal ansvarleg helsepersonell ved helseføretaket så langt det er mogleg diskutere og planleggje forhold rundt opphaldet, m.a. følgje, med kommunen si omsorgsteneste. Sjå også tenesteavtale 3, punkt 5. Tilvising til innlegging i helseføretaket.

Helseføretaket har ansvar for å utarbeide ein plan der omfanget av tenester går fram. Ein slik plan skal utarbeidast i samarbeid med kommunen og pasienten/pårørande. Der det er aktuelt, skal planen innehalde vedtak om turnusordning og utskifting av personell.

Helseføretaket dekkjer kommunen sine kostnader for følgje etter desse vedtaka etter nærmare plan mellom kommunen og føretaket. Kostnader skal spesifiserast på eige skjema til denne avtalen¹.

Ved akutte innleggingar skal spørsmålet om følgje under opphald avklarast så raskt som mogleg.

¹ Kostnadar ved bruk av følgjepersonell, vedlegg 2 til tenesteavtale 12

6.2 Kommunen sitt ansvar

Kommunen skal hjelpe til med å finne følgje for pasient som har behov for dette, og der helseføretaket ikkje kan dekkje behovet.

Kommunen og føretaket skal saman utarbeide ein plan² for opphaldet og oppgåvene til den som er følgje.

Dersom pasienten har Individuell plan, skal kommunen sikra at spesialisthelsetenesta mottar denne før pasienten vert innlagt.

I særskilde tilfelle kan det vere aktuelt at kommunen må yte kommunale tenester også under opphaldet, jf. Rundskriv frå sosial- og helsedirektoratet av 9. juli 2007.

Arbeidsgjevaransvar og forsikringsordningar blir ikkje endra ved følgjeoppdrag. I tilfelle der verken Helse Fonna eller kommunen er arbeidsgjevar for den som er følgje, er det Helse Fonna som tar dette ansvaret.

6.3 Følgje si rolle og oppgåver

Partane skal sikre at den som følgjer, hjelper pasienten og behandlinga på ein god måte. Partane skal blant anna sikre at vedkommande

- er til stades for pasienten og tek vare på pasienten sine behov for oppfølging i det daglege
- så langt råd er utfører arbeid som denne elles gjer for pasienten og ikkje blir nytta til anna behandlingsretta arbeid inne på sjukehuset
- rettar seg etter rutinar og reglar for den avdelinga dei er på og utfører dei oppgåvene som er avtalt i arbeidsplanen
- har teieplikt i samsvar med helsepersonelloven

6.4 Betaling/oppgjjer

Etter at følgjeoppdraget er utført, sender kommunen refusjonskrav til Helse Fonna for dokumenterte utgifter.

² Plan for bruk av følgjepersonell, vedlegg 1. til tenesteavtale 12

Følgjande utgifter skal dekkjast av Helse Fonna:

- Lønn inkl. sosiale utgifter i samsvar med avtale for den enkelte
- Reise og diett
- Kostnader ved byte av følgje, i samsvar med vaktplan for opphaldet. Overtid skal avtalast i forkant.

Helse Fonna har ansvar for å ordne overnatting for den som følgjer, der det er behov for dette.

7 Brukarmedverknad

Brukaren skal involverast i utarbeiding av plan for følgetenester etter denne avtalen.

8 Handtering av avvik, evaluering, kvalitetsutvikling, usemje, tvist, misleghald, iverksetjing, revisjon og oppseiing

Desse tilhøva blir regulert i overordna samarbeidsavtale.

9 Signering

Avtalen gjeld frå signeringsdato og erstattar tidlegare utgåve av følgjeavtalen.

Stad og dato:

Rosendal 13/2 17

For Kvinnherad kommune:



Stad og dato:

Hsl 9.1.17

For Helse Fonna HF:

